

energikommisjonen@oed.dep.no

Deres ref.:

Vår ref.: 12933721

Dato: 24.05.2022

INNSPEL FRÅ EVINY TIL ENERGIKOMMISSJONEN

Klima- og energikrisa kan løysast (Tema i mandat: 1)

Klimakrisa er den største utfordringa vi har. Den kan løysast. Krigen i Ukraina viser tydeleg kva rolle tilgang på energi og internasjonalt energisamarbeid har geopolitisk og tryggleiksmessig. Norge og Vestland kan spele ei avgjerande rolle, både som produsent av rein energi og som leverandør av nødvendig teknologi og løysingar for at verda lukkast med klimaomstillinga og at Europa vert sjølvforsynt med energi. Gjort på rette måten, med rette rammevilkår ligg alt til rette for storstilt grøn verdiskaping og trygge distriktsarbeidsplassar. Norge har alle føresetnadar for å vere ei grøn energistormakt i lågutsleppssamfunnet. Skal det skje må fornybar næringa kunne utvikle seg og ta ut potensialet Eviny og andre fornybar energiprodusentar har som ein del av løysinga og som eigen industri.

Behovet for rein energi (Tema i mandat: 2, 3 og 4)

Norge forbrukar i snitt omlag 140 TWh fornybar energi/år og produserar omlag 146 TWh. Tilsvarande tal for fossil energi er 175 TWh forbruk og vel 2000 TWh produksjon. Produksjonskapasiteten av fornybar energi varierar i spennet 100 – 157 TWh alt etter kor mykje nedbør og vind det er. Det gjer at utanlandskablar er heilt avgjerande med mindre vi skal ha en vedvarande overkapasitet som reserve. Det vil i så fall medføre ein monaleg høgare pris på fornybar energi. NVE, Statnett og Norsk Industri svært samstemde i prognosane sine om at elektrifiseringa som alt er i gang og skal skje framover, vil auke forbruket av fornybar energi til 210 – 220 TWh fram mot 2040 – 2050. Prediksjonar tilseier at Europa vil ha behov for ny fornybar energi i storleik 3 – 4 000 TWh fram mot 2050. Sett i lys av tryggleikssituasjonen vert det truleg forventa at Norge og deltek i arbeidet med å gjere Europa mindre avhengige av Russland energimessig. Å ha tilgang til Europa for norsk overskotsenergi, og slik auke lønsemda, er og den beste garantien for at det er vert produsert nok fornybar energi til norske forbrukarar og norsk industri.

Ny fornybar energi er svaret (Tema i mandat: 2, 3 og 5)

For å tette gapet mellom forventa forbruksvekst og produksjon, er det fleire vegar til rom. På kort sikt er ENØK – tiltak det mest effektive, med eit potensiale totalt sett på rundt 10 TWh. For å auke tempoet er det truleg nødvendig med endå tyngre verkemiddel og tilskotsordningar enn det som vert tilbydd i dag. Det er og etter måten mykje å hente gjennom meir målvedviten satsing på termisk energi. Potensialet her er estimert til 33 TWh. Det er og fullt mogeleg å auke produksjonen i eksisterande vasskraftanlegg. Det nye rekneskapsprinsippet som vart innført i fjor, der investeringar i eksisterande anlegg kan utgiftsførast i sin heilskap i investeringsåret, har gjort dette langt meir attraktivt. Eviny har eit potensiale på 100 – 150 GWh gjennom slike tiltak. Tiltak som etter måten raskt kan gjennomførast. Sidan det politisk er slått fast at Verneplanen for vasskraft skal leggjast til grunn, er potensialet gjennom utbygging av ny vasskraft likevel avgrensa til 5- 10 TWh. Skal vi kome i nærleiken av dei 200 TWh som til dømes Norsk Industri har som mål i eit 2050 – perspektiv, er det havvind som peikar seg ut, med eit teoretisk potensialet på heile 15 000 TWh. Kva som er praktisk mogeleg å byggje ut, er avhengig av at utbyggjing kan skje i sameksistens med andre næringar, bereevna til naturen og at det er økonomisk forsvarleg. Skal havvind vere hovudsvaret på behovet vi har for ny fornybar energi må nødvendigvis nettilknyttinga skje via hybridkablar. For å få produksjonsvolumet opp på det nivået norsk industri har behov for og forventar, er det ein førestnad at økonomien forsvarar utbygging utan statlege subsidiar. Då må ein ha kabelkapasitet ut frå havvindparken som kan ta i mot energien som blir produsert. Med einseitig tilknytning til Norge, slik regjeringa har tilrådd, vil ein berre utnytte deler av produksjonskapasiteten, og ikkje vere i nærleiken av å sikre at havvindparken er sjølvfinansiert. Er ein redd for at hybridkabal er synonymt med utanlandskablar, er det teknisk enkelt å dimensjonere ein hybridkabel slik at den har større kapasitet til Norge enn til andre land. Hybridkablar betyr ny industriell storsatsing, sjølvfinansiert. Radialer er enkeltprosjekt som føreset statleg subsidiering.

Marknadsøkonomi er avgjerande (Tema i mandat: 2, 3 og 5)

Marknadssystemet som regulerar energiprisane er tufta på marginalprising. At marknadsprisen speglar den variable produksjonskostnaden for den dyraste energien som må produserast for dekkja etterspurnaden i marknaden. Marginalprising sikrar effektiv handel, og har vist seg svært føremålstenleg når det gjeld å utnytte alle tilgjengelege vasskraftressursar på effektivt vis. Det vil vere vanskeleg å utforme eit anna system som koordinerar disponeringa av vatnet i hundrevis av ulike vasskraftanlegg med svært ulike eigenskapar og vassituasjon like bra som dagens kraftmarknad. Å bruke ein kortsiktig, heilt unormal, nosituasjon som grunn til å endre eit marknadssystem som har tent utnyttinga av energiressursane så godt, kan kanskje virke klokt på kort sikt, men vil truleg gjere vondt verre framover. Indeksregulerar ein kraftprisen til forbrukar før dereguleringa i 1990 tilsvarar det 89 øre/kwh i dag, mot ein normalpris i dag på rundt 40 – 45 øre/kwh. Kraftkrevande industri i Norge har og hatt dei mest konkurransedyktige prisane i Europa i heile perioden.

Drivkraft for grøn omstilling (Tema i mandat: 2)

Det er få, om nokon, næringar som har betre føresetnadar til å vere drivkraft for grøn omstilling enn vi som produserar og distribuerar vasskraft og elektrisk energi. Ein ting er at vi har kompetanse og erfaring til å auke produksjonen. I tillegg har vi både ressursar, oversikt og eigarar til sjølve å bidra tungt til utvikling av teknologi og løysingar som får fortgang i elektrifiseringa; ladestasjonar, landstraum, utsleppsfrie byggjeplassar, produksjon av flytande, grøn hydrogen, og ikkje minst vere ein viktig samarbeidspartnar og samfunnsaktør for andre næringar og industri. Eviny har til dømes, både åleine og i partnerskap med andre verksemdar, ei brei, bevisst og langsiktig satsing på å etablere nye verksemdar og arbeidsplassar med grønne forteikn: termisk energi, hydrogen, havvind, landstraum, ladesstasjonar, utsleppsfrie byggeplassar, breiband og eige investeringsselskap som investerar i nystarta verksemdar. Fornybar industrien er ein av dei største og viktigaste verdiskapande industriane i Norge, både direkte og indirekte. Total omsetnad er rundt 175 mrd, dvs. omlag 50 mrd enn metallindustrien. Verdiskapinga er på omlag 85 milliardar direkte, og 17 milliardar gjennom kjøp av varer og tenester frå leverandørar og underleverandørar. Samla sett betalar industrien årleg 70 mrd i skatt/avgifter til felleskapet (55 mrd til staten, 15 mrd til kommunane). For denne summen kan ein til dømes finansiere 460 000 barnehageplassar, 615 000 elevar i grunnskulen, eller 78 000 sjukeheimsplassar.

Nettkapasiteten må opp (Tema i mandat: 1, 2, 3, 4 & 5)

Nett og infrastruktur er den største barrieren for å lukkast med eit heilelektrisk samfunn. Skal vi nå klimamåla og sikre ny verdiskaping krev det at vi tenkjer nytt. Forbruksvekst, endringar i forbruksmønster og på forbrukslokasjonar gjer det nødvendig både å byggje ut meir nett og å utnytte eksisterande nett betre. Arbeidet til Strømnettutvalet må ikkje verte ei kvilepute for å arbeide med å finne løysingar på kortsiktige utfordringar i strømnettet, som til dømes i Bergensregionen. Ein openberr tidstjuv i nettutviklinga er saksbehandlingstida i NVE og OED. Vi har døme på at det tok heile 4 månadar på å få sakshandsamar i NVE på konsesjonssøknad for landstraumanlegg. Dette på ei ferdig regulert tomt i kommunalt eige. Det er ikkje arbeidet med søknadane som tek tid, men «liggetid» som følgje av låg saksbehandlingsskapasitet. Dette kan løysast ved å auke kapasiteten, noko som er eit politisk val som kan gjerast straks, utan utgreiingar og høyringar. Tilrådingane frå Strømnettutvalet må følgjast opp slik at nødvendige og ønskelege endringar i lover og føresegner kan gjerast raskt. Norge må få på plass ein heilskapeleg strategi for elektrifisering som ser produksjon, forbruk og nett i samanheng. Det må leggjast til rette for grøn industri, dvs tilstrekkeleg kapasitet til raskt å behandle søknader om utbyggingar av fornybar kraft, elektrifiseringsprosjekt og ny, grøn industri. Slik sikrar vi dei nødvendige føreseielege rammene som næringslivet og industrien har behov for.

Vennlig hilsen
Eviny AS



Jannicke Hilland
konsernsjef